



Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marius Slinde / 57655877

Vår referanse:
17/37469-72

Dykkar referanse:

Vår dato:
19.06.2018

Fv. 698 Blaksettunnelen

Sogn og Fjordane fylkeskommune må vedta tunnelnamn

I samband med utarbeiding av reguleringsplan for ny tunnelen mellom Blakset og Robbjørgane skal det fastsettast kva denne skal heite. Plasseringa av den nye tunnelen er synt på illustrasjonen under.



Figur 1: Oversiktskart med plassering av ny tunnel (ill.: Statens vegvesen)

Statens vegvesen har no gjennomført det førebuande arbeidet i namnesaken, og me sender saken difor til dykk for å fatte endeleg vedtak om tunnelnamn.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Oppsummering av saksgang så langt:

- Statens vegvesen har arbeida med å finne fram til aktuelle tunnelnamn. Desse forslaga er sett som aktuelle:
 - Blaksettunnelen
 - Tunnelen ligg like aust for bygda Blakset, som er merka med stadnamnskilt langs fylkesvegen.
 - Den nye tunnelen skal avløyse dei eksisterande tunnelane «Blakset 1» og «Blakset 2». Desse to tunnelane vert ofte omtala som Blaksettunnelane.
 - Gråfjelltunnelen
 - Den vestlegaste delen av tunnelen går gjennom eit fjellparti som heiter Gråfjell.
 - Stolentunnelen
 - Den austlegaste delen av tunnelen går under ein ås som heiter Stolen.
- Statens vegvesen vurderte at Blaksettunnelen var det beste namnet.
- Forslaga til tunnelnamn vart sendt Stryn kommune for uttale. Kommunen sitt sektorutval for tekniske saker handsama saken i møte 24. april 2018. Konklusjonen deira var også at Blaksettunnelen var beste alternativet. (Protokoll frå møtet ligg vedlagt).
- Vidare har Stadnamntenesta på Vestlandet hatt skrivemåte til uttale. Dei «har ingen merknadar til framlegget om å la gards- og bygdenamnet *Blakset* bli lagt til grunn...». Vidare syner dei til at det i seinare tid er nytta *tunell* i staden for *tunnel* i ti offisielle tunnelnamnformer i Noreg (tre av tilfella i Hordaland). Stadnamntenesta si tilråding er difor Blaksettunellen. (Brev med tilråding ligg vedlagt).

Vidare saksgang

Det neste steget i saksgangen er at Sogn og Fjordane fylkeskommune no, i tråd med § 9 i forskrift om stadnamn, skal gjere vedtak om tunnelnamnet. Når vedtak er fatta skal dette sendast Stryn kommune, Stadnamntenesta på Vestlandet og Stryn kommune til orientering. Vidare skal Stryn kommune kunngjere vedtaket og opplyse om klagerett, jamfør §§ 9 og 10 i forskrift om stadnamn. Eventuelle klager skal sendast til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Statens vegvesen
Med helsing

Øystein Tytingvåg
prosjektleder

Marius Slinde
planleggingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Vedlegg: 2

Statens vegvesen, Region vest

Ref.:
17/37469-70

Vår ref.:
18/256-2 363

Dato:
13. juni 2018

Eit tunellnamn i Stryn. Tilrådd skrivemåte.

Vi syner til eit brev som Statens vegvesen skreiv til Stadnamntenesta på Vestlandet 8. mai i år.

Vi har ingen merknader til framlegget om å la gards- og bygdenamnet **Blakset** bli lagt til grunn for det aktuelle tunellnamnet. Det vart vedteke 6. juni 2000 at gardsnamnet skal skrivast *Blakset* i offentleg samanheng.

I seinare tid er skrivemåten *-tunellen* fastsett i til saman ti offisielle tunellnamnformer i Noreg (konkret i eitt tilfelle i Telemark, to i Aust-Agder, fire i Vest-Agder og tre i Hordaland), og vi tilrår at det i tråd med dette blir skrive **Blaksettunellen**.

Med helsing frå


Gunnstein Akselberg
stadnamnkonsulent


Ole-Jørgen Johannessen
stadnamnkonsulent


Kjell Erik Steinbru
rådgjevar og sekretær

Kopi til Kartverket Bergen

**Fwd: 18/256-1 Stryn kommune -
Blaksetunnelen - Statens vegvesen ber om
tilråding**

Emne

Frå Kjell Erik Steinbru <Kjell.Steinbru@uib.no>

Til Kjell Erik Steinbru <Kjell.Steinbru@uib.no>

Dato 2018-06-11 13:39

-
- 17-37469-67 Vedtaksbrev 6451077_1_1 (L)(84136).pdf (605 KB)
-

----- Opphavleg brev -----

Emne: 18/256-1 Stryn kommune - Blaksetunnelen - Statens vegvesen ber om tilråding

Dato: 2018-05-11 07:53

Frå: Kjell Erik Steinbru <kjell.erik.steinbru@sprakradet.no>

Til: 'Kjell Erik Steinbru' <Kjell.Steinbru@uib.no>

Stadnamntenesta på Vestlandet
Postboks 8107, dep.
0032 OSLO

Behandlande eining: Region vest

Sakshandsamar/telefon: Marius Slinde / 57655877

Vår referanse: 17/37469-70

Dykkar referanse:

Vår dato: 08.05.2018

Namn på ny tunnel mellom Blakset og Robbjørgane

Ynskje om tilråding om skrivemåte

I samband med utarbeiding av reguleringsplan for ny tunnelen mellom Blakset og Robbjørgane skal det fastsettast kva denne skal heite. Plasseringa av den nye tunnelen er synt på illustrasjonen under.

[cid:image002.jpg@01D3E8FD.3343FD20]

Figur 1: Oversiktskart med plassering av ny tunnel (ill.: Statens vegvesen)

Statens vegvesen meiner at Blaksetunnelen er det best eigna namnet. Dette støttar også Stryn kommune (sjå vedlagt protokoll frå møte der sektorutval for tekniske saker handsama saka).

Før vi sender namnesaken til Sogn og Fjordane fylkeskommune for endeleg avgjerd, ber vi Stadnamntenesta om å gje ei tilråding om skrivemåten for dette tunnelnamnet.

Statens vegvesen
Med helsing

Øystein Tytingvåg

prosjektleder
Slinde

Marius

planleggingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrivne signaturar.

Vedlegg: 1

Kopi:

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER
Stryn kommune, Tonningsgata 4, 6783 STRYN



STRYN KOMMUNE

Statens vegvesen region vest
Marius Slinde/Kurt Skagen

Vår ref:
18/536-4/ FA-Q13, FA-Q32 AEM

Dykkar ref.
17/37469-51 og 15/209579-66

Dato:
02.05.2018

Uttale forslag til tunnel- og brunamn - Fv 722 Veslebygda - Flo og Fv 698 Blakset - Robjørane.

Sektorutval for tekniske saker- 034/18, har i møte 24.04.2018 fatta følgjande vedtak:

Sektorutval for tekniske saker støttar Statens vegvesen sine framlegg til namn:
Blaksettunnelen, Fureelva bru og Flotunnelen

Helsing

Anita Elin Myklebust
avdelingsleiar kart og oppmåling

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/18	Sektorutval for tekniske saker	24.04.2018

Uttale forslag til tunnel- og brunamn - Fv 722 Veslebygda - Flo og Fv 698 Blakset - Robjørørgane.

Bakgrunn for saka:

Statens vegvesen region vest har sendt over forslag til namn på ny tunnel og bru på Fv. 722. mellom Veslebygda og Flo og forslag til namn på ny tunnel på Fv. 698 mellom Blakset og Robjørørgane til uttale.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Stadnamnlova

Vedlegg i saka:

Fylkesveg 722, Veslebygda-Flo. Namn på ny bru og tunnel	1374299
Namn på ny tunnel på fv. 698 mellom Blakset og Robjørørgane	1374297

Saksopplysningar:

I brev dagsett 26.02.18 og 28.02.18 har Statens vegvesen region vest sendt over forslag til namn på ny tunnel mellom Blakset og Robjørørgane og ny tunnel og bru mellom Veslebygda og Flo til uttale.

Sidan tunnelane og brua ligg på fylkeskommunal veg er det Sogn og Fjordane fylkeskommune som skal gjere vedtak på namna jamfør § 5 i Stadnamnlova. Kommunen kan kome med innspel og forslag til namn.

Forslag til namn frå Statens vegvesen:

- Tunnel mellom Blakset og Robjørørgan: **Blaksetunnelen** (alternativ: Gråfjelltunnelen, Stolentunnelen.)
- Ny bru over Fureelva: **Fureelva bru.**
- Ny tunnel mellom Veslebygda og Flo: **Flotunnelen** (alternativ: Flostrandatunnelen)

Sjå vedlegg for meir informasjon.

Vurdering:

Det er muleg å kome med forslag til andre namn eller skrivemåte på tunnelane og brua.

I framlegg til namn er det brukt stadnamn som er kjende og som seier kvar tunnelen eller brua er plassert, noko som er bra med tanke på å finne fram.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sektorutval for tekniske saker støttar Statens vegvesen sine framlegg til namn: Blaksettunnelen, Fureelva bru og Flotunnelen

Sektorutval for tekniske saker 24.04.2018:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

TS- 034/18 Vedtak:

Sektorutval for tekniske saker støttar Statens vegvesen sine framlegg til namn: Blaksettunnelen, Fureelva bru og Flotunnelen



STRYN KOMMUNE

Statens vegvesen region Vest Leikanger Kontorsted
Askedalen 4
6863 LEIKANGER
Kurt Skagen og Marius Slinde

Vår ref:
18/536-4/ FA-Q13, FA-Q32 AEM

Dykkar ref.
15/2019579 og 17/37469-51

Dato:
02.05.2018

Uttale forslag til tunnel- og brunamn - Fv 722 Veslebygda - Flo og Fv 698 Blakset - Robjørørgane.

Sektorutval for tekniske saker- 034/18, har i møte 24.04.2018 fatta følgjande vedtak:

Sektorutval for tekniske saker støttar Statens vegvesen sine framlegg til namn:
Blaksettunnelen, Fureelva bru og Flotunnelen

Helsing

Anita Elin Myklebust
avdelingsleiar kart og oppmåling

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/18	Sektorutval for tekniske saker	24.04.2018

Uttale forslag til tunnel- og brunamn - Fv 722 Veslebygda - Flo og Fv 698 Blakset - Robjørgane.

Bakgrunn for saka:

Statens vegvesen region vest har sendt over forslag til namn på ny tunnel og bru på Fv. 722. mellom Veslebygda og Flo og forslag til namn på ny tunnel på Fv. 698 mellom Blakset og Robjørgane til uttale.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Stadnamnlova

Vedlegg i saka:

Fylkesveg 722, Veslebygda-Flo. Namn på ny bru og tunnel	1374299
Namn på ny tunnel på fv. 698 mellom Blakset og Robjørgane	1374297

Saksopplysningar:

I brev dagsett 26.02.18 og 28.02.18 har Statens vegvesen region vest sendt over forslag til namn på ny tunnel mellom Blakset og Robjørgane og ny tunnel og bru mellom Veslebygda og Flo til uttale.

Sidan tunnelane og brua ligg på fylkeskommunal veg er det Sogn og Fjordane fylkeskommune som skal gjere vedtak på namna jamfør § 5 i Stadnamnlova. Kommunen kan kome med innspel og forslag til namn.

Forslag til namn frå Statens vegvesen:

- Tunnel mellom Blakset og Robjørgan: **Blaksettunnelen** (alternativ: Gråfjelltunnelen, Stolentunnelen.)
- Ny bru over Fureelva: **Fureelva bru**.
- Ny tunnel mellom Veslebygda og Flo: **Flotunnelen** (alternativ: Flostrandatunnelen)

Sjå vedlegg for meir informasjon.

Vurdering:

Det er muleg å kome med forslag til andre namn eller skrivemåte på tunnelane og brua.

I framlegg til namn er det brukt stadnamn som er kjende og som seier kvar tunnelen eller brua er plassert, noko som er bra med tanke på å finne fram.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sektorutval for tekniske saker støttar Statens vegvesen sine framlegg til namn: Blaksettunnelen, Fureelva bru og Flotunnelen

Sektorutval for tekniske saker 24.04.2018:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

TS- 034/18 Vedtak:

Sektorutval for tekniske saker støttar Statens vegvesen sine framlegg til namn: Blaksettunnelen, Fureelva bru og Flotunnelen